



PETROLEUMSTILSYNET

Equinor Energy AS
Postboks 8500 Forus

4035 Stavanger

Vår sakshandsamar
Arne Halvor Embergstrud

Dykkar ref.
2021-007891

Vår ref. (ved svar)
Ptil 2021/910/AHE

Dato
21.12.2021

Rapport og varsel om pålegg etter tilsyn med ansvar kompetanse og vedlikehold av alarmhandteringssystemet i kontrollrommet på Mongstad

I 2021 førte vi tilsyn med ansvar kompetanse og vedlikehold av alarmhandteringssystema i kontrollrommet på Mongstad.

Rapporten vår er lagd ved. Vi har påvist alvorlege brot på regelverket, sjå kapittel 5 i rapporten, og varslar med dette følgjande pålegg:

Med heimel i rammeforskrifta § 69 om enkeltvedtak jf. Teknisk og operasjonell forskrift § 21 om menneske-maskin-grensesnitt og informasjonspresentasjon og Teknisk og operasjonell forskrift § 33a om kontroll- og overvåkningssystemer pålegg vi Equinor Mongstad å

- *sikre at kvar enkelt operatørsuite som blir nytta til å overvake, kontrollere og styre produksjonsprosessane, har ei forsvarleg alarmrate og ikkje aukar faren for feilhandlinger som kan ha betydning for tryggleiken,*
- *gjennomføre tiltak for å redusere alarmraten frå minst eit av dei aktuelle instrumenta som har vesentlege bidrag til alarmraten,*

jf. rapportkapittel 5.1.1: Mangelfull oppfølging av alarmsystem.

Fristen for å etterkome pålegget er 01.06.2022. Vi skal ha melding når pålegget er etterkome.

Eventuelle kommentarar til varselet må vere oss i hende innan 14.01.2022.

Rapporten inneheld omtale av påvist avvik, og vi ber om ei utgreiing av korleis avviket vil bli handtert innan 31.01.2022.

Vi ber òg om at brevet og rapporten blir gjorte kjende for representantar frå arbeidstakarane, mellom anna verneomboda.

Dersom de oppdagar faktafeil i rapporten, ber vi om at de tar kontakt innan 07.01.2022.

Rapporten blir publisert på www.ptil.no.

Med helsing

Kjell Arild Anfinsen e.f.
Tilsynsleiar

Arne Halvor Embergstrud
Sjefingeniør

Dette brevet er godkjent elektronisk i Petroleumstilsynet og har derfor ingen signatur

Vedlegg: 1